

MÅBØ er den øvste garden i Måbødalen. Denne tronge og bratte fjelldalen har frå uminnelege tider vore ein av vegane frå fjordbygdene opp mot fjellvidda. Vi veit ikkje sikkert kva namnet Måbø tyder. Kanskje har det sitt opphav i eit gammalnorsk mannstilmann Måvi, av fuglenamnet mår (måke). Sisteledet bø, tyder gard. I dag gjev Måbø oss eit fortetta nærbilete av naturalbushaldet: den vesle garden, med rydningsrøysar, steingardar og geil som leidde buskapen inn i tunet, ved foten av den store fjellvidda.



Det ligg to bruk i tunet på Måbo.


VEGANE GJENNOM MÅBØDALEN

Den eldste vegen gjennom Måbødalen er TYMBERLØYPET, truleg frå 1500-talet. Denne vegen går frå garden Måbo og kjem opp ved den øvre opninga av Dalbergstunnelen. Kløvstigen, frå 1780-åra, går frå Tveito lengre nede i dalen, gjennom Måbogardane, over elva Bjoreio og svingar i 1500 trappetrinn, opp Måoberget. TURISTSTIGEN inn til Vøringsfossen stod ferdig i 1872. Denne stigen vart bygd av Den Norske Turistforening som rideveg for engelske turistar. KARJOLVEGEN, den gamle riksveg 7, vart bygd i 1916; eit meisterverk i vegbygging og ingeniørkunst. Den nye Rv.7 vart opna i 1986, med 4 tunnelar som avløyning for dei mange hårnålssvingane.



Vegane gjennom den tronge og bratte Måbødalen representerer mange generasjonars vegbygging.

Litografi av Vøringsfossen frå 1852, av M.W. Atkinson.



Snitt gjennom ei grindbygd løe på Måbo.

Måbo var truleg ein gard som vart liggjande øyde etter svartedauden kring 1350. Ein kraftig auke i folketalet på 1600-talet førte til at mange øydegardar vart tekne i bruk att, som Måbo. Den første omtalen av garden har vi frå ei bygseltaksering i 1633. Halsnøy kloster åtte då garden. I 1759 vart dei to brukarane på Måbo sjølv-eigande bønder. Måbo var busett og i drift fram til 1970-talet. Gardstunet på Måbo er eit lite rekkjetun med to bruk. Bustadhus og løer ligg langs den gamle kløvstigen, som går gjennom tunet.

Vatningsanlegget var avgjerande for å få gode avlingar på Måbo. Tilsvarande vatningssystem finn vi òg i andre nedbørsfattige område. Kunstig vatning av åker og eng vert omtala i skrivne kjelder i 1626, men systemet er truleg eldre. Frå ein dam ved elva Bjoreio vart vatnet ført langs veiter til innmarka. Frå hovudveita gjekk det fleire fordelingsveiter. Ved inn-taket av vatn frå elva, og ved alle forgreiningane, vart det bygt karmar med solide luker av tre. Vatnet kunne dei fordela utover innmarka ved å regulera lukene. □